

Informasjon frå SU

Samansetting av Samhandlingsutvalet

I desembermøte diskuterte Samhandlingsutvalet korleis ein best kunne ivareta utskifting av kommunerepresentantar som no er ferdige med sin funksjonsperiode på to år. Det var kommunerepresentantane sjølv som la fram forslag om ei vidareføring av dagens representantar ut 2018, og ein vil starte prosess med utskifting av ein kommunal representant til utvalet med verknad frå 2019.

Det er også kommunane som har leiarvervet ut 2018. Anne Lise Naasen frå Odda kommune trer ut av leiarvervet og Annbjørg Lunde frå Tysvær kommune overtar i slutten av februar.

Ønskjer forskning i kommunane

25. januar blei det arrangert strategisk toppleiarforum for kommunar, helseføretak i Helse Fonna og Høgskulen på Vestlandet (HVL). Invitert var ordførarar, rådmenn, helse- og omsorgsleiarar i kommunane, direktørar i helseføretak og administrative leiarar ved HVL. Til saman var det over 60 personar samla frå heile Fonna-område. Temaet på samlinga var «Kommunane si rolle i høve til forskning».



Ulike aktørar bidrog med interessante innlegg om forskning og kva som må leggst til rette for at kommunane skal bli ein aktiv aktør i forskning og ikkje berre blir forska på.

Professor ved HVL, Geir Sverre Braut, var møteleiar og innleia dagen med temaet «Forsking i kommunane – kvifor skal me bry oss om det?» Seks stipendiatar og forskarar gjennomførte ein sprek forskingsstafett, der dei i korte trekk fortalte om spennande lokale forskingsprosjekt.

Deltakarane vart utfordra på å diskutere over bordet kva for vilkår som må leggst til rette for å starte med forskning i kommunen. I tillegg skulle dei finne aktuelle forskingsspørsmål for kommunen. Dagen blei avslutta med ein

paneldebatt der representantar frå dei ulike aktørane diskuterte både vilkår og spørsmål i høve til forskning.

Konklusjonen vart at samarbeid mellom kommunane er ein viktig føresetnad for å få til forskning der kommunane er ein aktiv part. Til nå er det bare høgskulen og helseføretak som har forskingserfaring. Helseføretaket er forplikta til å forske og får ressursar til dette, mens kommunane må søke om (for-)prosjektmidlar og forskingsmidlar. Det er lite erfaring med dette i kommunane, og ein må i tillegg jobbe med å finne dei viktige områda ein treng meir kunnskap om.

Mestring hos pasienter gir god helseøkonomi

Det er helseøkonomisk lønnsomt å prioritere læring og mestring hos pasienter og pårørende, viser ny kunnskapsoppsummering fra Nasjonal kompetanse-tjeneste for læring og mestring innen helse (NK LMH). Som Dagens Medisin skriver på nettsiden sin (www.dagensmedisin.no) har forskerne fra NK LMH sett på 56 studier for å undersøke om lærings- og mestrings-tilbud til pasienter med kroniske sykdommer lønner seg økonomisk.



Førsteforfatter Una Stenberg, seniorforsker ved NK LMH, påstår at forskergruppen selv ble overrasket over at mer enn 80 prosent av studiene faktisk kunne vise til lønnsomhet. Man så for eksempel at pasienter med diabetes eller kols som fikk opplæring og kurs hadde færre sykehusinnleggelses og gikk sjeldnere til fastlegen enn de som ikke fikk slike tilbud.

– Gjennom gruppene opplever mange at de får økt kunnskap om egen helse og mestring. For noen kan det innebære å innta en mer aktiv rolle i eget liv og kjenne mer kontroll i hverdagen, mener Stenberg. Dessuten får mange utvidet sitt sosiale nettverk gjennom gruppene.

– Denne studien viser tydelig at det faktisk lønner seg, både for pasientene og for helsetjenesten, oppsummerer Stenberg. Studien er publisert i [Patient Education and Counseling](#).

Nytt frå nettverk

Fagnettverk for kommunale ØH-døgntilbud i Helse Fonna-regionen er nå etablert

Rundt 20 fagpersonar frå både kommune og spesialisthelseteneste deltok på oppstartssamling for fagnettverk innan kommunalt ØH-døgntilbud på Bjørgene i begynninga av desember i fjor. Dette er det 10. fagnettverket som er godkjent av Samhandlingsutvalet og etablert i Helse Fonna sin samhandlingsstruktur med oppfølging frå FOUSAM.



Fagleg tema på oppstartssamlinga var erfaringar med psykisk sjuke pasientar i kommunalt ØH-døgntilbud. Det vart valt ei ressursgruppe som skal følgje opp arbeidet mellom møta i nettverket. Dessutan delte deltakarane sine forventningar til nettverket og i gruppearbeid kom det fram gode forslag til kva ressursgruppa skal ta tak i framover.

Meir informasjon om samlinga og nettverket finn du på www.fousam.no.

Samarbeid om god barselomsorg

God barselomsorg er viktig for både barn og foreldre og da er eit godt fungerande samarbeid mellom fødeavdeling og helsestasjon viktig. Fagnettverket innan barn og unge fekk meldt bekymring frå praksisfeltet om at barselomsorga i overgangen mellom sjukehus og heim ikkje alltid fungerer godt og opprettar difor ei arbeidsgruppe.



Arbeidsgruppa har til saman lang og brei erfaring frå både kommune og sjukehus som helsesøster, jordmor, lege og brukarrepresentant.

Arbeidsgruppa skal sjå på korleis tenestevtale 8 som fordeler oppgåver og ansvar, kan følgjast betre opp i praksis.

Les meir på www.fousam.no.

Fagnettverk for folkehelse er nå etablert

Faglig nettverk for folkehelse, helsefremming og forebygging var samlet til sitt første møte 29. januar. Engasjerte deltakere kom med konkrete ønsker og ideer for hvordan arbeidet i nettverket kan tas vidare.



Ressursgruppa som ble valgt ut tar med seg disse tankene når handlingsplan for nettverket skal utarbeides. Nettverket er klar for en samlet innsats for folkehelsearbeid i Helse Fonna-regionen samtidig som en spiller på allerede etablerte nettverk og grupper.

Mer informasjon om nettverket og filmene fra tankesmia om folkehelse finner du på www.fousam.no.

Tilbyr du kurs for fagpersonar som møter barn og unge med helseutfordringar?

Fagnettverk barn og unge i Helse Fonna-regionen ønskjer å lage ein samla oversikt på kurs-/kompetansetilbud der målgruppa er fagpersonar som arbeider med barn og unge med helseutfordringar, funksjonsnedsetting eller kronisk sjukdom. Oversikten vil bli laga ut på FOUSAM sine nettsider.



– Vi ønskjer å skape oversikt på kva som finnes og gjere tilbodet kjent for aktuelle deltakarar i heile regionen. Samtidig vil vi få fram om det er kurs-/kompetansetilbud som manglar i regionen, seier Sølvi Heimestøl, FOUSAM-rådgjever og sekretær i nettverket. – Vi håpar at det blir lettare å planlegge nye kurs og unngå dobbeltarbeid og samanfallande tilbod.

Har du innspel eller spørsmål, er du velkomen til å ta kontakt med Sølvi Heimestøl på e-post solvi.heimestol@helse-fonna.no. Kartleggingsskjema finn du på www.fousam.no.

Nytt frå prosjekt

Små samhandlingsgrep ser ut til å kunna hindre reinnlegging

Prosjektet «Oppfølging av pasientar med behov for samansette tenester med fokus på reinnlegging» viser at små grep i samhandlinga kan gjere stor forskjell for den enkelte pasient.



I prosjektet vart det gjort journalsøk og tverrfaglege intervju med medarbeidarar frå spesialist- og kommunehelsetenesta for å finne utfordringane i samhandlinga og kva for løysingar som kunne vere til hjelp for å unngå reinnleggingar. Det vart òg gjennomført eit pilotprosjekt med utprøving av nokre tiltak.

Prosjektleiar Kristine Aurdal, seksjonsleiar ved seksjon for terapeutiske spesialtenester konkluderer med at gode funksjonsvurderingar av risikopasientar, tverrfaglege rapportar til heimeteneste og fastlegane, samt klare mål for vidare behandling og oppfølging kan vera viktige tiltak for å sikra at pasientane får den oppfølginga og behandlinga dei treng, både ved innlegging og utskriving.

I tillegg viste pilotprosjektet at avtalt time hos fastlegen i tillegg til oppfølging på poliklinikk kan vera positivt med tanke på å unngå unødvendige reinnleggingar. Avtalt time til kontroll og oppfølging kan vera med å gje trygghet for pasientane i heimesituasjonen og bidra til at færre har behov for kontakt med lege kort tid etter utskriving.

Prosjektet er gjennomført ved hjelp av samhandlingsmidlar frå Helse Vest. Samhandlingseininga i Helse Fonna er prosjekteigar. Det har vore mange engasjerte medarbeidarar, i både helseføretaket og kommunar, med i prosjektet og deling av kompetanse og læring av kvarandre har vore viktige faktorar i prosjektet.

Prosjektrapport finn du på www.fousam.no.

Samarbeid om innføring av bedre tverrfaglig innsats i Helse Fonna

BTI (bedre tverrfaglig innsats) er en organisasjonsmodell som skal fremme tidlig innsats overfor utsatte barn og unge, samt bedre samhandling internt i kommunene og med spesialisthelsetjeneste. Modellen er an-

befalt av Helsedirektoratet og kommunene Stord, Haugesund og Tysvær var med i et pilotprosjekt i regi av direktoratet for å prøve ut modellen i Norge.

Formålet med samarbeidet i vår region er å tilby kommuner lett tilgjengelig og koordinert støtte i implementeringen av BTI og tilby en arena der kommunene og samarbeidspartene kan utveksle erfaring og lære av hverandre.



Samarbeidspartnerne har forpliktet seg til et samarbeid i minst fem år og skal sammen stimulere arbeidet med BTI i regionen, koordinere felles ressurser, sikre lett og god tilgang til kompetanse, drahjelp og hjelp til implementering og forankring både i den enkelte kommune, hos samarbeidsparter og i gjeldende samhandlingsstruktur.

Fagnettverk barn og unge er referansegruppe for satsingen. Mer informasjon om prosjektet finner du på www.fousam.no.

Nytt fra brukermedvirkning

Erfaringskonsulenter og deres arbeidsgivere er invitert til fellessamling

22. mars inviterer FOUSAM både erfaringskonsulenter og deres arbeidsgivere til fellessamling på Bjørgene opplæringscenter.

På samlingen er målet å fokusere på rollen til erfaringskonsulentene, men også på arbeidsplassene som har valgt å satse på erfaringskompetansen. Innleggene vil dreie seg om det rent praktiske rundt stillingene. Hvordan tas denne nye kompetansen i mot? Hvilke oppgaver legges til erfaringskonsulentene? Hvilken arbeidsordning og oppfølging mottar en? Hva har vært eventuelle suksessfaktorer?

Det er Sigrid Bøthun i lærings- og mestrings-teamet og erfaringskonsulent Liv Alsaker Sande i FOUSAM som står i spissen for samlingen. FOUSAM gjennomfører tre samlinger hvert år for disse nye stillingene. Per i dag er kompetansen tatt inn og stillinger opprettet fast i flere enheter i foretaket, mens de fleste stillingene i kommunene er finansert av prosjektmidler.

På turne for brukerorganisasjonene

For fjerde året på rad arrangerer lærings- og mestringsnettverket og FOUSAM samlinger for brukerorganisasjonene.

– Som før satser vi på å treffe brukerorganisasjonene der de er og inviterer til samling på Stord rehabiliteringssenter onsdag 11. april, Odda sjukehus onsdag 18. april og Brukerhuset i Haugesund onsdag 25. april, forteller Liv Alsaker Sande erfaringskonsulent i FOUSAM.

Målet med samlingene er at brukerorganisasjonene skal bli kjent med hverandres tilbud og utveksle erfaringer, samt at brukerbevegelsen og fagfeltet skal knyttes tettere sammen.

Informasjon om program og påmelding kommer på nettsiden til FOUSAM.

Mer informasjon om brukermedvirkning finner du på www.fousam.no/samhandling/brukermedvirkning.

Arrangement

Barn som pårørende treng å bli sett!

Engasjerte fagpersonar frå kommunar og føretak var samla på Stord den 22. januar for å ha fokus på oppfølging av barn når nokon i familien er sjuk. Samlinga var ein del av samhandlingsprosjektet barn som pårørende.

Representantar frå ungdomsrådet delte av sine erfaringar som pårørende og formidla sterke historiar på ein tankevekkande måte. Barns beste, Klinikkk for psykisk helsevern og Veiledningssenteret i Rogaland deltok med faglege innlegg.



Representantane frå ungdomsrådet: f.v. Emily Hunter, Siv Emberland og Anders Kannelønning

Resten av dagen vart nytta til gruppearbeid der ein jobba med konkrete spørsmål om korleis tenestene til barn i familiar med sjukdom kan betrast.

Meir informasjon om prosjektet barn som pårørende finn du på www.fousam.no.

Samhandlingsdag om gode pasientforløp og kvalitet i tjenestene

Videreutdanningen i eldre, helse og samfunn ved Høgskolen på Vestlandet inviterer til samhandlingsdag om gode pasientforløp og kvalitet i tjenestene fredag 9. mars, kl. 09.00–14.30, på campus Haugesund. Alle interesserte er hjertelig velkomne. Program finner du på www.fousam.no.

Fagdag innan svangerskaps- og barselomsorg

Velkomen til fagdag innan svangerskaps- og barselomsorg der temaa er amming og tungebandsproblematikk og det psykologiske svangerskapet måndag 12. mars, kl. 9.00–15.00, på Haugesund sjukehus. Dagen er for helsepersonell som følger opp nybakte mødrer på sjukehus og i kommune. Program og påmeldingslenke finn du på www.fousam.no.

Opne temakvelder for foreldre til barn med utfordringar



Velkomen til opne temakvelder for foreldre til barn med utfordringar 12. og 19. mars, 9. april, kl. 17:00–19:00, Sentralbadet litteraturhus i Odda. Me ynskjer å skape ein møteplass for foreldre der ein kan dele og dra nytte av andre sine erfaringar. Inga påmelding. Sjå heile programmet på www.fousam.no.

Kontaktinformasjon

Leder Samhandlingsutvalget
Anne Lise Naasen
Kommunalsjef helse og sosial Odda kommune
Telefon: 975 58 462
✉ anne.naasen@odda.kommune.no

SU-koordinator
Astrid Håland
Telefon: 958 97 672
✉ astrid.haland@haugesund.kommune.no

Leder FOUSAM
Marianne Hauge Wennersberg
Telefon: 482 46 811
✉ marianne.wennersberg@hvl.no
www.fousam.no